



Dansen går til Vestlandsfanden, men korleis er det med brannvernet? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under eit tilsyn på Dønhaug vart det konstatert at det ikkje kunne visast til at det føreligg prosedyrar for grunnleggande brannvernopplæring.**

**Det vert understreka i rapporten etterpå at slik opplæring skal gis før arbeidtakare vert satt i arbeid og at opplæringa må dokumenterast.**

Brannvernet er oppteke av at alt personell som vert nytta under arrangementa får ein gundig opplæring i korleis dei skal opptre før, under og etter eit arrangement.

Eit branntilløp på Dønhaug kan spreia seg svært raskt og tida ein har til rømming er difor avgjerande for personsikkerheita. Det er difor viktig at eigaren kan dokumentera at alt personell har fått ei opplæring som står i forhold til risikoen under arrangementa, skriv branningeniør Atle Ljosdal.

Av Ola Matti Mathisen